



INFORMASJON

• Eit fylkesbyte vil bidra til å fjerna soneproblematikken som gjer at bussbilletter blir ekstra dyre for reisande frå Sveio og inn til Haugesund. Ei ulempe vil vera at denne problematikken kan flytte seg nordover slik at dei som reiser mot Bømlo og Stord, får dyrare billetter.

• Sunnhordland og Haugalandregionen har sterke fellesinteresser når det gjeld samfunns- og næringsutvikling, og eit fylkesbyte for Sveio vil ikkje løysa alle grenseoverskridande samfunnsutfordringar og fellesinteresser mellom desse regionane.

Utgreiinga viser at Sveio i dag har langt sterkare integrering mot Haugalandet og Rogaland enn mot Sunnhordland og Vestland. Dette resulterer i at samarbeidsbehovet og interessene i kommunen knytt til samfunnsutvikling er langt sterkare i den retninga. Ved eit eventuelt fylkesskifte kan påverknaden nordover mot Sunnhordland og Vestland bli svekka. Fordelane med eit fylkesbyte vil likevel vera større så lenge samfunnsutfordringane som er viktigast for Sveio, er knytt til utviklinga på Haugalandet og i Rogaland.

Samla sett konkluderer utgreiinga med at fordelane med eit fylkesbyte ser ut til å vera større enn ulempene; både når det gjeld tilgjenge til kommunale og statlege tenester, arbeidet med samfunnsutvikling og moglegheitene for å påverka utviklinga på Haugalandet gjennom representative demokratiske kanalar.



Sveio kommune

Vestland eller Rogaland?

Sveio kommunestyre har vedteke å halda rådgjevande folkerøysting om framtidig fylkestilhøyrsløse for Sveio kommune **Måndag 10. januar 2022**

Det blir høve til å førehandsrøysta på Sveio kommunehus i kontortida måndag til fredag i perioden 1. desember 2021 til 7. januar 2022. I tillegg vil det vera ope for førehandsrøysting ut over vanleg kontortid desse dagane:

- Torsdag 2. desember til klokka 19.00
- Torsdag 9. desember til klokka 19.00
- Torsdag 16. desember til klokka 19.00
- Laurdag 18. desember frå klokka 12.00 til 16.00
- Torsdag 6. januar til klokka 19.00

Røysterett har alle som er fødde i 2005 eller tidlegare og som er folkeregistrerte i Sveio kommune 31. oktober 2021.

Rapporten frå Telemarksforsking om framtidig fylkestilhøyrsløse finn du under «Alle nyhende» på www.sveio.kommune.no

Kortversjon av rapporten finn du på dei tre neste sidene. Telemarksforsking har utarbeidd kortversjonen. Sveio valstyre har vedteke å skipa til opne informasjonsmøte om fylkestilhøyrsløse desse dagane:

- Torsdag 21. oktober. Presentasjon av Telemarksforsking sin rapport
- Torsdag 28. oktober. Tema blir kunngjort på kommunen si heimeside
- Torsdag 11. november. Tema blir kunngjort på kommunen si heimeside
- Torsdag 25. november. Tema blir kunngjort på kommunen si heimeside

Desse temaa vil bli fordelte på dei tre siste møta:

Landbruk, Ungdom og unge vaksne og Regional utvikling/utvikling av Sveio.
Alle møta blir haldne i Kommunestyresalen på Sveio kommunehus med møtestart 19.00. Møta vil og bli overførte på kommunen si heimeside.
Alle er hjarteleg velkomne!

4

1



Telemarkforskning har på oppdrag frå Sveio kommune gjennomført ei utgreiing av framtidig fylkestilhøyrsløse. Hovudformålet har vore å sjå nærare på fordelar og ulemper for Sveio ved eit eventuelt fylkesbyte frå Vestland til Rogaland.

Utgreiinga har sett på moglege konsekvensar for Sveio når det gjeld dei fylkeskommunale ansvarsområda, inndelinga av statlege tenester, samarbeid i regionen og føresetnader for framtidig utvikling.

Fylkeskommunen tek seg av oppgåver som er for store til at kvar kommune i eit fylke kan klara dei åleine, eller som treng eit meir heilskapleg regionalt blikk for å bli løyst godt, på tvers av kommunegrensene. Sentrale oppgåver omfattar vidaregåande skular, regional utvikling og planlegging, kultur, samferdsel, folkehelsearbeid og tannhelseteneste.

Ifølge utgreiinga er dei viktigaste fordelane med eit fylkesbyte knytt til følgjande forhold:

- Sveio er ein del av Haugalandet og Rogaland når det gjeld pendling, arbeidsmarknadsintegrasjon og interkommunalt tenestesamarbeid. Dette inkluderer òg bruk av fylkeskommunale og statlege tenester som vidaregåande skule, sjukehus, BUFETAT, distriktpsikiatrisk senter og barne- og ungdomspsikiatrisk poliklinikk (BUP) og politi. Berre 13 prosent av elevar busett i Sveio kommune går på vidaregåande skular i Vestland fylke.
- I og med at Sveio er sterkast knytt til Rogaland når det gjeld interkommunale tenestesamarbeid, statlege helsetenester, vidaregåande skular og samfunnsutvikling, kan det bli lettare å samarbeida og påverka utviklinga når kommunen administrativt og politisk høyrer til same region som ein funksjonelt er ein del av.
- I og med at Sveio kommunikasjonsmessig og næringsøkonomisk heng saman med Haugalandet, vil eit eventuelt fylkesbyte gi betre føresetnader for ei heilskapleg politikktutvikling som tek i vare fortrinna i regionen og byggjer opp under vekstkræfta. Eit fylkesbyte kan såleis gi Haugalandsregionen auka tyngde og gjennomslagskraft i Rogaland, noko som kan komma både Haugalandsregionen og Sveio kommune til gode.



- Haugesund er definert som regionsenter for Sveio kommune. Eit fylkesbyte vil gi rimelegare kollektivtilbod for reiser til regionsenteret.

- Innbyggjarane i Sveio har ingen demokratisk påverknad på utviklinga på Haugalandet i dag, sjølv om dei er ein del av regionen. Ved eit fylkesbyte får dei moglegheit til å påverka i kva for retning regionen skal utvikla seg, gjennom representative demokratiske kanalar.

Dei viktigaste ulempene ved eit fylkesbyte som utgreiinga peiker på, er knytt til følgjande punkt:

- Påverknaden nordover mot Sunnhordland og Vestland kan bli dårlegare.
- I den nordlege delen av Sveio er identiteten og tilhøyrsla mot Sunnhordland sterk. Det er uheldig dersom eit fylkesbyte fører til geografiske konfliktlinjer internt i Sveio kommune.
- På ein del tenesteområde er det i dag gode nettverk og samhandlingsarenaer som går mot Sunnhordland og Vestland. Ved eit fylkesbyte er det naturleg at slike nettverk blir knytt til Rogaland. For dei det gjeld, kan det opplevast negativt å gå ut av nettverk, samarbeid og relasjonar som ein har brukt tid på å byggja opp, og det kan ta tid å etablera tilsvarande relasjonar i Rogaland.
- Eit eventuelt fylkesbyte vil skapa ekstraarbeid på enkelte område, t.d. endringar i eigedomsregister.
- På landbruk kan distriktstilskotet for konsumegg frå verpehøne bli borte. Vidare vil prisane for kjøp og leige av mjølkekvotar truleg auka dersom Sveio skiftar produksjonsregion frå Vestland til Rogaland. Dette vil vera ei ulempe for dei som ønskjer å kjøpa eller leiga kvotar (men ein fordel for dei som sel eller leiger ut). Det kan bli auka konkurranse om investerings- og bedriftsutviklingsmidlar i landbruket som følgje av eit utviklingsorientert landbruksmiljø i Rogaland med mange søkjarar.